

Interpellasjon til fylkestinget 11. mars 2014 frå Aud Karin Oen SV

KS, Hordaland fylkeskommune og arbeidstidsavtalen for lærarar.

KS har mildt sagt tukla til stemninga med lærarorganisasjonane, når det gjeld Arbeidstidsavtale, og truleg også når det gjeld hovudtariffoppgjeret. Sidan forhandlingane er brotne, går arbeidstida no inn som del av tariffoppgjeret. KS vil som kjent at ein større del av lærar-arbeidsåret skal bindast til skulen, slik at lærarane får eit arbeidsår som strekkjer seg over inntil 45 veker og at meir av kontrollen over lærarane si arbeidstid skal styrast av rektorane. Dette betyr at lærarane, etter KS sin vilje, potensielt skal vera sju veker på skulen utan elevar. I dag er arbeidsåret for lærarane slik at dei har 39 veker + ein dag bundne til skulen – elevane er på skulen i 38 av vekene.

Kravet frå KS grip dramatisk inn i den tillit og tradisjon som har lege til læraryrket i mange generasjonar. Så vidt spørjaren skjønar, stør KS seg korkje på forskning eller grundige utgreiingar når dei meiner krava deira vil føra til ein betre skule. Danmark sin prosess synest i så måte (lockout)å vera eit dårleg føredøme, og den svenske skulen, som har gått langt i «kommunalisering», er vel heller ikkje å sjå på som noko fyrstårn. Finland, som derimot ofte vert trekt fram frå mange hald som eit førebilete på mange område i skulen, går motsett veg at krava frå KS. I Finland styrer lærarane sjølve ein større del av årsverket sitt enn norske lærarar gjer i dag.

Generelt frå arbeidsgjevarsida vert det ofte argumentert for større fleksibilitet når det gjeld arbeidstid. I offentleg sektor gjeld det ikkje minst alternative turnusar. Men når det gjeld lærarane, er altså politikken heilt motsett. Kravet frå KS vert oppfatta som rein mistillit og ein provokasjon frå lærarane si side.

Lærarane har i dag eit komprimert arbeidsår med påfylgjande avspasering når elevane ikkje er på skulen. Dette er både logisk og fagleg grunngjeve. Lærarane må sjølvstøtt førebu undervisninga si kontinuerleg gjennom heile skuleåret. Dei må gjera vurderingar av elevarbeid, dei må samarbeida med foreldre, andre lærarar, andre fagpersonar og leiing – reint logisk når elevane er til stades på skulen. Innstrammingskrava frå KS kan vanskeleg oppfattast som noko anna enn eit disiplinierungs- og einsrettingskrav som ikkje er tufta på logikk eller kunnskap. Så har også KS hausta storm, etter spørjaren si mening med rette. I verste fall har KS effektivt torpedert alt som er gjort for å gjera skulen til ein attraktiv arbeidsplass.

Spørsmål:

1. Har fylkestinget gjeve sin tilslutnad til den arbeidstidsavtalen KS vil ha for lærarane, og kva er i så fall grunngjevinga og forankringa for ein slik tilslutnad? Dersom ikkje Hordaland fylkeskommune har gjeve sin tilslutnad til KS si line, kva meiner dei då? og kva har i så fall fylkeskommunen gjort for å påverka KS i anna lei?
2. Er KS sine krav knytt til arbeidstid overfor lærarar vesentleg, for å kunne utvikla den vidaregåande skulen i Hordaland?
3. Korleis vert ein eventuell streik førebudd?